# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - desember 2023 55. årg.












Diakoniutvalet side 4

Juleforventning side 7

Avskjed med Gunnar B. Stone side 8

Kvardagsmøte med Maren og Elias side 10

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN


| | |
|---|---|
| **Kyrkjekontoret** | tlf. 51 77 03 77 |
| Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00 | |
| Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne | |
| Inngang frå Saronsbrotet | |
| heimeside: www.timekyrkja.no | |
| e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no | |
| Prost: Lars Sigurd Tjelle | tlf. 474 51 340 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 401 67 222 |
| Diakon TIme og Undheim: Praxedes Slettebø | tlf. 488 96 919 |
| Diakon Bryne: Marit Høie Hetland | tlf 911 63 039 |
| Sekretær: Dagny Oltedal Hetland | tlf. 51 77 03 77 |
| Assisterande kyrkjeverje: | |
| Anna Bergitte Skårland | tlf. 990 26 276 |
| Kyrkjeverje: Siri Vik | tlf. 906 43 758 |

### Time

| | |
|---|---|
| Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn | |
| Sokneprest Yngvar Nilsen | tlf. 466 52 874 |
| Musikalsk leiar: Frode Skårland | tlf. 489 97 102 |
| Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen | tlf. 990 22 872 |
| Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland | tlf. 401 68 422 |
| Soknerådsleiar: Marianne Hauge | tlf 481 14 974 |
| Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland | tlf 990 26 276 |
| Klokkar: Maren Dyngeland | tlf 905 65 198 |
| Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting | tlf 482 79 806 |
| Kyrkjetenar ved gravferd: | |
| Anna Bergitte Skårland | tlf. 990 26 276 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

### Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

### Bryne

| | |
|---|---|
| Heimeside: www.brynekyrkja.no | |
| Sokneprest Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Kyrkjelydspedagog: Tone Vold | tlf. 918 81 818 |
| Administrasjonleiar: | |
| Elisabeth S. Obrestad | tlf. 475 02 080 |
| Ungdomsleiar: Oda Vik Straume | tlf. 941 95 850 |
| Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar: | |
| Jostein Aa. Tollaksen | tlf. 909 88 880 |
| Soknerådsleiar: Ola Undheim | tlf. 908 58 793 |
| Kyrkjetenar helg: Arne Espevik | tlf. 909 70 522 |
| Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen | tlf.466 56 825 |

### Undheim

| | |
|---|---|
| Heimeside: www.undheimkyrkja.no | |
| Undheim kyrkje | tlf. 51 48 68 20 |
| Soknenprest: May Brit Merland Arnø | tlf. 467 94 518 |
| Organist: Kari Kaald Reiten | tlf. 908 10 346 |
| Sokneprest vikar: Roald Byberg | tlf. 400 38 028 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Dagleg leiar: Frode Skårland | tlf. 489 97 102 |

| | |
|---|---|
| Time sokneråd | time.soknerad@timekyrkja.no |
| Bryne sokneråd: | bryne.soknerad@timekyrkja.no |
| Undheim sokneråd: | undheim.soknerad@timekyrkja.no |




# Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælande redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»*

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.


**Framsidefoto:** FOTO:PÅL CHRISTENSEN, STAVANGER AFTENBLAD

| | |
|---|---|
| Utgitt av: | Time kyrkjelege fellesråd. |
| Redaksjon: | Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad. |
| Trykk: | Kai Hansen Trykkeri. |

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 18. januar.
Frivillig kontingent kan betalast inn til kontonr. 28014974395 eller Vipps nr. 813691

# Glorien over kvart menneske

Kunst kan gjera oss samtidige med 1200-talets menneske, tenk det! I Stavanger domkyrkje skulle taket innvendig i koret pussast. Då oppdaga arbeidarane at det under lag av kalk fanst måleri av englevesen. Når kyrkja opnar igjen neste august, får vi sjå det prestane såg då dei gjorde teneste der på slutten av 1200-talet.



På dei eldste julebileta, ikonane, er tida oppheva og englar og profetar står rundt Maria og Josef og den nyfødde. Slik tenkjer eg tida også løyser seg opp kvar gang eit barn blir født. Vi er menneske av same slekt. Vi ser inn i eit nyfødd blikk, og barnet ser tilbake på oss med uutgrundeleg djupne.

I Hebrearbrevet kapittel 2 les vi:

*Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han òg fullt ut bli som dei. –For det er ikkje englar han tek seg av.*

Figurane på ikon og julekort har ofte glorie. Glorien finst over kvart menneske, fordi Gud blei fødd som ein av oss. På same måte som kalkpuss skjulte maleri av englar i domkyrkja, kan rusk og ulike lag av historie skjula vårt sanne opphav. Ber likevel glorien din med ærefrykt. Representer Jesus. Han var ikkje redd for å oppsøkja andre med Guds kjærleik. Pave Leo sa i ei julepreike på 400-talet: «Sjå din verdi, du kristenmenneske. Lev ikkje under verdien din!»

Lyft blikket og sjå himlingen.



Biskop Anne Lise Ådnøy.

*Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han òg fullt ut bli som dei. –For det er ikkje englar han tek seg av.*

# Givande og varierte oppgåver i Diakoniutvalet



Smilande og engasjert fortel Inger Birgitte Kverneland om diakoniarbeidet ho er med i på Lye og i Timebygda. Sjølv kom ho med i dette via soknerådet.

TEKST: MARGRETA JOHANNESSEN
FOTO: INGER BIRGITTE KVERNELAND, MARGRETA JOHANNESSEN

-Kva gir det deg å vera med, undrar me? Inger Birgitte fortel at ho har blitt kjend med mange nye menneske i soknet, og har fått ei utvida forståing av kva diakoni er, og kor viktig det er med omsorgsarbeid på alle måtar.

Ho fortel vidare at Time diakoniutval for tida har fire medlemmer, med Leikny Åsen som leiar. Diakon Praxedes Slettebø er også med. Diakoniutvalet har ansvar for nokre faste arrangement i løpet av året. Laurdag før Allehelgensdag er det Open kyrkje i Timekyrkja. Dette er ein dag der mange steller på gravene, og då er dei velkomne inn på kyrkjetorget etterpå, der utvalet serverer kaffi og litt å bita i. Ein kan også få med ei fin stund inne i kyrkja med litt program. I januar kvart år er det Minnegudsteneste i Timekyrkja for pårørande til alle som er gått bort i løpet av fjoråret. Der er diakoniutvalet med og pyntar og ordnar det praktiske. I mars/april arrangerer dei Vårfest på Lye eller Undheim med god servering og variert program. Utanom desse arrangementa er det en del aktivitet som går føre seg i det stille, til dømes besøk med ein gåveblom til sambygdingar over 80 år som har runde dagar. Jubilanten blir ringt opp av diakoniutvalet og spurd på førehand om han vil ha besøk. Når besøk er avtalt, blir ein alltid godt motteken. Dei eldre får også tilbod om besøk seinare, om dei ønskjer det. Det er både utfordrande og kjekt å besøkja nye folk på denne måten. Det skaper glede, og gir alltid noko igjen til ein sjølv, fortel Inger Birgitte. Ho etterlyser no fleire som kan tenkja seg å vera med på diakoniarbeid i Time sokn, både menn og kvinner.
-Kven passar til denne tenesta? Inger Birgitte er tydeleg på at her trengs alle slag folk, både dei som likar praktiske oppgåver som å pynta, koka kaffi og steika vafler, og dei som likar å prata med folk. Ein må berre vera glad i menneske!
Til slutt understrekar Inger Birgitte at det er mykje anna diakonalt arbeid for alle aldersgrupper som går føre seg knytt til dei andre kyrkjelydane i kommunen, men at dette er det som Diakoniutvalet i Time sokn er engasjert i.





## Å kunne jeg bare bli barn igjen

Tekst: Karl Marthinussen. Melodi: Sigurd Lunde
Å, kunne jeg bare bli barn igjen
når juleklokkene ringer!
Å, kunne jeg salig i ånden se
de skinnende englevinger!

Å, den som blott kunne med barnets sinn
få hilse sin frelser kjære,
Og synge med barnets røst så klar
Den Herre Kristus til ære.

Om verden så larmer og stor-men slår,
dog barnet eier Guds rike.
Hvor himmelens juleklokker går,
må mørket og angsten vike.

Så ring da, Guds klokker, til festers fest,
vekk barnet til liv her inne!
Vi reder deg leie, du himlens sønn,
og slipper deg ingensinne.

Jeg bringer ei myrra, jeg har ei gull,
jeg er ingen konge fra Østen.
Mitt fattige hjerte er alt jeg har,
så såre det trenger trøsten.

La gråne vårt hår og bøyes vårt mot.
Og dagene fort henrinne,
Ved barnehånden fra Betlehem
vi Paradiset skal vinne.



# Min julesang

«Vi har et emne å synge om, det aller største i verden», syng Riskakameratane på ein cd. For kristne er det verkeleg sant. Juleevangeliet har gitt grunnlag for utruleg mange viser, songar og salmar med Jesusbarnet i sentrum. Den eldste julesalmen som står i Norsk Salmebok blei skriven på 400-talet. Opp gjennom åra har mange ulike julesangar blitt «min favoritt». I ungdomstida var «Den himmelske lovsang» på topp. Det er så mykje godt å velge i. Men i år blir min julesalme «Å, kunne jeg bare bli barn igjen når juleklokkene ringer». Den las eg for første gong i eit julehefte for mange,mange år sidan. Eg klipte han ut og tok vare på han lenge. Det var først og fremst innhaldet i salmen som gjorde inntrykk. Etter kvart fekk eg høyre melodien også. Biskop Karl Marthinussen har skrive teksten og biskop Sigurd Lunde har skrive melodien.

Eg trur salmen er lite brukt, og står ikkje i Norsk Salmebok. Men for meg er innhaldet viktig. Å bli som eit lite barn er ei god innstilling til julefeiringa. Eg skulle ønske at eg hadde i alle fall litt av barnets sinn, forventning, nysgjerrigheit og glede til å gå inn i juleførbuingane og julefeiringa med.

Har du lyst å synge denne julesalmen, vil eg invitere deg til arrangementet «Vi syng til jul» 12.desember kl 17 i Bryne kyrkje. Dette er ein av salmane vi skal synge denne dagen.

Eg ønsker deg ei meiningsfull og velsigna julehelg.

Helsing Elisabeth Vold





## Stjerna i fødselskyrkja Betlehem

«Du stjerne over Betlehem,
å, lat din sæle fred
få lyse inn i kvar ein heim
og i kvart hjarte med».

NoS 2013 no. 061, vers 3.




Tekst: Else-Marie Bue

## Bøneboka nr. 324

**NYTTÅRSAFTEN**

*Himmelske far! Alle tider er i din hånd*
*……*
*Derfor ber vi deg i Jesu navn:*
*Gå med oss inn i de nye dagene ……*

Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.




**NoS nr. 704**

*VI ROPER I DENNE NATTEN: GI OSS EN VEI Å GÅ*

På salmesida i førre nummer av Helgedagen las me at vår store lyrikar, Einar Skjæraasen, hadde to salmar med i salmeboka. Skjæraasen (1900 –1966) levde med i to verdskrigar. «Vi roper i denne natten» er skriven før 1945, og teksten fortel tydeleg om hans dystre livsreise. Nå går me inn i adventstida 2023, og denne salmeteksten er like aktuell for oss som då .

*Vi roper i denne natten: Gi oss en vei å gå.*
*Gi oss ennå en stjerne å feste øynene på.*

I Stevnemøte med Salmeboka les me at sonen til diktaren , Magne Skjæraasen, skriv dette om far sin i ein biografi: -- Han måtte erkjenne det ondes realitet i verden.

Når det onde kunne gå så seierrikt over jorden som det gjorde i hans tid, så han det først og fremst som en fortvilet mangel på vilje til godhet.

2. *Gi oss ennå et hjerte, ikke av vest eller øst, gi oss et hjerte som favner all verden og grenseløst.*
3. *Gi oss ennå å gråte over vårt mørke sted, gi oss ennå å høre: Fred over jorden . Fred!*
4. *Gi oss ennå å bryte opp som de vise menn, gi oss i natt en stjerne, og gi oss å følge den.*

Salmen er et bønnerop om fred, om lys, om en vei å gå, om å få et hjerte som favner all verden. Teksten samsvarer godt med det sønnen har skrevet om farens holdninger. diktaren spør: Hvor blinker verdens lys? Hvor blinker stjernen som får oss til å bryte opp og følge den, slik de vise menn en gang gjorde?

# Juleforventning



TEKST/FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Kva er jul for deg? Kva gler du deg til? Kva er viktigast med jula? Gjengen som er med på 9-13 opplegget i Brynekyrkja er meir enn ivrige til å svara på spørsmåla. Siri, Solveig og Emma fortel at dei gler seg til å eta peparkaker og sjå på juleseriar på TV. Dei syns det er kjekt med pakkekalender og sjokoladekalender, og likar å ha ein julestrømpe som dei får julaftan morgon. Nokre lagar og pyntar peparkakehus saman med familien sin. Alle tre gler seg til å få inn juletreet, av plast eller eit som dei dreg ut i skogen for å hogga. Når jentene og søsken får lov å pynta treet sjølve, er det stas. Det kjekkaste er likevel å få vera med familien, å få besøk og gå på besøk.

Sunniva og Natalie håpar det blir skikkeleg kaldt og snø til jul, for det gir julestemning. Då vil dei ut og aka i akebakken saman med andre barn, for det likar dei godt. Dei fortel at det er så fint med lys mellom husa i gata der dei bur, og likar lyset i bygatene på Bryne. Skeisebanen på torget er også gøy! Maten er viktig: pinnekjøt, ribbe, graut eller riskrem med mandel i. Det høyrer med ein premie til den som finn mandelen. Det må vera ein marsipangris, meiner dei to. Dei gler seg også over å pynta juletreet, gjerne litt tidleg, for då varer jula lenger! Juleferie er topp, då har jentene god tid til å vera med vener og med familien. Dei legg til at dei også gler seg til gåvene.



Solveig Høie Hetland, Siri Frøyland, Emma Oftedal.

Jentene rundt formingsbordet syns det er fint både å få og gi gåver. For at det skal bli ekte jul, ønskjer dei seg snø, lukt av peparkaker og juletre, pinnekjøt og kalkun. Nokre gler seg til juleverkstad på skulen eller heime. Då skal dei laga englar og nissar. Ei gler seg til å ha dansekonkurranse med søskena. Nokre ser fram til å gå på julemesse og til å syngja julesongar i kyrkja på julaftan.

Det er tydeleg at barna har mange forventningar til jula, og at familie og fellesskap er like så viktig som gåvene.

# AVSKJEDSINTERVJU MED GUNNAR

Gunnar Bjorland Stone slutta som kyrkjeverje i Time no før sommarferien, etter 6 år i stillinga. Ein respektert og høgt akta medarbeidar har funne seg ny arbeidsgjevar. Kven er Gunnar Bjorland Stone?

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD. FOTO:FRODE SKÅRLAND



Han er 44 år, hatt sine barndomsår i Chicago der far Ola var prest i den norske Minnekirken. Familien flytta til Bryne i 1989 og busette seg i Vardheia. Gunnar reiste attende til Chicago nokre år seinare for å studera kommunikasjon og media. Tok deretter ein bachelor i praktisk teologi på Ansgar Teologiske Høgskule i Kristiansand. Jobbkarrieren starta i kafébransjen der han ein periode åtte og dreiv 5 kaféar/bakeri. Vegen gjekk så vidare til Strømmestiftelsen der han vart leiar for fundraising i organisasjonen. Kom etter nokre år tilbake til Bryne og enda opp som kyrkjeverje i 2017. Same året gifta han seg med Talitha frå Sydney. Saman har dei vesle Rubi Jean på 3 år og ein på veg!

**Kva var det som gjorde at du søkte stillinga som kyrkjeverje?**
Det var heilt tilfeldig og ikkje planlagt. Eg hadde bestemt meg for å ta eit sabbatsår, men ein dag var Talitha og eg innom kyrkjekontoret for å høyra om det var noko ho kunne engasjera seg i for å kunna koma lettare inn i den norske kulturen og læra språket betre. Der på kontoret møtte me Siri Vik som fortalde oss at kyrkjeverjestillinga var ledig, og ymta frampå om ikkje det kunne vera noko for meg? Nei, eg var fast bestemt på at noko krevjande leiarstilling var ikkje aktuell for meg – i alle fall ikkje no! Men eg fekk på ein måte ikkje denne stillinga ut av hovudet, og etter nokre dagar der òg gode vener oppmuntra meg til å søkja, valde eg å senda inn ein søknad. Eg fekk jobben og har aldri angra!

**Når du fekk stillinga – kva grudde du deg mest til?**
Eg var mest spent på om eg greidde å leva opp til dei forventningane som låg i rolla som kyrkjeverje. Det er stor spennvidde i arbeidet, og ikkje minst arbeidsgjevaransvar og den økonomiske biten kunne verka skræmande. Men når du kjem inn i eit arbeidsfellesskap der alle oppmuntrar og heiar på deg, og ønskjer at du skal lukkast, då får du motivasjon og inspirasjon til å gjera ein god jobb. Det skapte tryggleik frå første dag!

**Når du ser tilbake – nemn noko du var med på å få gjennomført som kyrkjeverje i Time?**
Av synlege ting tenkjer eg på rehabiliteringa av Time bårehus som viktig, og ikkje minst arbeidet med framtidig utviding



av barnehagen i Bryne kyrkje der arbeidet held fram. Eg vil òg nemna den relasjonelle delen av rolla som kyrkjeverje. Kontakten med kommunen, samarbeidspartnarane, stabsfellesskapet på kontoret og på tvers av kyrkjene i Rogaland. Menneska ein møter gjennom rolla, i alle livets fasar! I sum var dette med på å gjera kyrkjeverjestillinga utruleg spanande og gjevande.

**Kva med utfordringane? Du møtte vel dei òg?**
Ja, sjølvsagt var det utfordringar. Spesielt hugsar eg dei mange rundane me måtte gå når barnetalet i kommunen gjekk ned, og me måtte trø på bremsene i forhold til etablering av ny barnehage på Stemmen. Det krevde mykje – for mange av oss! Men det løyste seg, og me fekk sikra oss tomt attmed Bryne kyrkje der det etterkvart vil koma ein framtidig barnehage og kyrkjekontor.

**Kva trigga deg til å søkja ny jobb?**
Eg hadde ikkje tenkt på ny jobb – eg treivst og hadde det godt, på alle måtar. Men så vart eg kontakta

# BJORLAND STONE





av dagleg leiar i Proserv som trong leiar i ei avdeling. Han meinte det måtte vera den perfekte jobben for meg. Eg takka nei, fleire gonger, men til slutt gav eg etter og sa ja til stillinga.

**Kva tek du med deg vidare i arbeidskarriera og livet etter åra som kyrkjeverje i Time?**
Det er ganske mykje! Eg er utruleg takksam for tilliten gjennom 6 år, for stabsfellesskapet og det gode samarbeidet med kommunen og andre. Eg tek òg med meg kor viktig kyrkja er på mange måtar og område i samfunnet, frå dei store livshendingane til barnehagane, og alle dei små møta med menneske i alle livssituasjonar. Det har eg fått opp augo for – og det tek eg med meg vidare!

Gunnar Bjorland Stone har òg vore fast medlem i redaksjonen i Helgedagen og me vil takka for eit godt og gjevande samarbeid i desse åra. Du har vore ein inspirator for oss alle!

Lukke til med ny jobb og nye oppgåver!





# Kvardagsmøte med Maren og Elias

Dette blir eigentleg eit søndagsmøte, etter arbeidstid ein oktober-søndag i Time-kyrkja - for å høyra litt om korleis kvardagane kan vera for unge.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND



Maren og Elias.

Både Maren Dyngeland og Elias Høie Hetland arbeider i Time-kyrkja - som klokkar og kyrkjetenar. Dei er eit ungdommeleg, kjært team, som senkar gjennomsnittsalderen på gudsteneste-deltakarane i Time!

**Daglege gjeremål**

Maren er 17 år og Elias 18, og begge går på vidaregåande, Maren på studiespesialisering på Bryne og Elias på Akademiet på Sandnes. Elias har data og elektronikk som fag, og tek nå påbygg på Sandnes. Faga hans passar godt inn når han skal styra miksepulten på gudstenestene.

**Teneste**

Både Maren og Elias starta som vikarar i jobbane sine, og fekk så fast tilsetjing. Begge er også med som fri-villige i ungdomsarbeidet på Lye. Dei er innstilte på å vera med i ei teneste, å hjelpa der det er bruk for dei.

– Det er givande å hjelpa, gildt å vera aktivt med.
– Søndag i kyrkja er ein fin start på veka, seier Elias.

Maren er nestleiar i ungdomsrådet i Stavanger bispedøme. Ho ser at det er ulike meiningar i kyrkja, men meiner at det største er at alle er velkomne. Ikkje så viktig å fokusera på det me er usamde om, men heller elska og respektera kvarandre.

**Utfordringar som kristne?**

Elias gjekk dei to første åra på Tryggheim vidare-gåande, og opplever at "klimaet" for kristne er noko annleis på Akademiet. "Koffor gidde du?" Mange vil tolerera, det er dei opplærte til, men forstår ikkje kva kristendom går ut på. Maren kjenner òg på fordommar mot kristne: Er du kristen?? Går det an – liksom. Maren legg til at det er viktig å høyra på ungdommen – utan å bruka hersketeknikkar. Ungdommane har ei viktig stemme - som må takast på alvor.



Foto: Stortinget

# Sanning og forsoning

Dette er tema for Bryne-kyrkja sin serie av kveldsgudstenester våren 2024.

TEKST: KVELDSGUDSTENESTEKOMITEEN I BRYNE

Komiteen tenkjer at temaet både er i kjernen av kristen tru og svært aktuelt i tida, der sanning er under press og ulike grupper i samfunnet håpar på oppgjer og forsoning etter urett og usynleggjering. I kyrkja er det grunnverdi å snakka sant og gjera opp, som grunnlag for forsoning.

Det sentrale i kristen tru får eit djupdykk i kveldsgudsteneste på skjærtorsdag. Temaet er sann forsoning med Gud. På ein av kveldane kjem biskop Anne Lise Ådnøy og snakkar om trygge rom i kyrkja. Den første og siste kvelden i serien er prega av rapporten som Sannings- og forsoningskommisjonen la fram for Stortinget 1.juni i år. Den legg grunnlag for eit oppgjer med fornorskingspolitikk og urett overfor samar, kvenar og norskfinnar.

Heile sivilsamfunnet er utfordra til å mobilisera for eit forsona samfunn med likeverd. I Den norske kyrkja har alle tilsette fått kunnskap og læringskurs. Om urfolk og fornorskingspolitikk. Og om trygge rom for alle i kyrkja, med særleg fokus på menneske som har LHBT+ identitet.

Den første kvelden i serien er 28.januar. Då får me ansiktsmøte med Veronica Halvorsen frå Sola. Ho har samisk bakgrunn og fortel sin historie om å stå fram som den ho er, med aukande stolthet og mindre skam. Korleis vera samisk utan å snakka språket? Om arven etter fornorskinga. KorZ med Inger Vagle i spissen, står for flott kormusikk denne kvelden. Sjølvsagt vil noko av øvrig musikk og liturgi ha samisk uttrykk.

Me håpar serien vil utvida kunnskap og bidra til gode haldningar i kyrkje og samfunn. Både i sentral kristen tru og i gode liv gjeld det å leva i sanning og forsoning.



Veronica Halvorsen: Foto: Elin Engelsvoll

# I skuggen av Ukraina



Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitne bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ei fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

**Støtte til mor og barn**
I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsesenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.
– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsesenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.
– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.
– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret,





slik at dei får hjelpt der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.



## Slik gjev du årets viktigaste julegåve

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248
KIRKENS NØDHJELP

# Men gleden er et annet sted

I skrivande stund, sist i oktober, har allereie jula begynt å visa ansiktet sitt i butikkane. Eg må innrømma at to tankar melder seg omtrent samtidig i hovudet mitt. Den første seier «Nå må dei gi seg, dette er ALT for tidleg,» den andre er ein liten barnestemme som kviskrar «Eg gleder meg til jul».

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Få tider i året appellerer vel så sterkt til kjenslene våre som jula og adventstida.

Me vil så gjerne at alt skal vera trygt, godt og perfekt med levande lys og med lukt av julekaker og klementinar. Me vil så gjerne at alle rundt oss, og spesielt barna, skal få den jula dei drøymer om. Mange av oss har gode minne frå jul i barndomen som me framleis kan henta fram og varma oss på.

Noko av det som ofte har fått meg til å grøssa litt dei siste dagane før jul, er dei glade meldingane frå handelsstanden om at nå set me ny rekord i å bruka pengar på julehandel. Kvart år lurer eg litt på om dette burde få oss til å gleda oss eller til å skjemmast, og personleg heller eg nok mest til det siste.

Dei siste dagane har eg tenkt på ei bok som gjorde sterkt inntrykk på meg då ho kom ut i 1994. Boka var skriven av Asle Finnseth, kom ut på Kirkens Nødhjelps forlag og hadde tittelen «Men gleden er et annet sted». Boka hadde undertittelen «Kjøpekulturen, troen, oppbruddet». Boka fortel oss om ein kjøpekultur som har fått oss til å tru at me blir lukkelege av å kjøpa, og at gleda ligg i å få tak i ting som marknadskrefter har klart å lura oss til å tru at me treng.

Det er få gonger pengane sit så laust i lommeboka som i jula. Me vil så gjerne gi andre akkurat det me trur dei vil bli mest glade for, og me har skapt forventningar om å gi og få. I tider der me veit at mange slit for å få endane til å møtast, kan det kjennast vanskeleg å oppleva at dette er ein galopp ein ikkje har råd til å vera med på, og sjølv om bankkortet skulle vera fullt til randa, så opplever nok mange at kjøpinga har ein bismak. Kva er det me driv på med?

Sjølv må eg innrømma at eg er glad i å gi julegåver. Eg har meir enn ein gong sprunge rundt på føremiddagen den 24. desember for å finna den heilt perfekte gåva til ein eller annan. Eg erkjenner meg òg skuldig i stressaktivitetar som å steika krumkaker eller pussa sølv i seine nattetimar dagen før jula skal ringast inn, fordi eg har fått det for meg at det er akkurat det familien treng for at jula skal bli vellukka.

Dette er ikkje ein epistel skriven for å gi nokon dårleg samvit for å prøva å skapa ei perfekt jul. Det er snarare ei helsing til meg sjølv og alle andre om å senka skuldrene og vita at gleda er ein annan stad enn i det me kan henta frå kjøpesenteret.

Eg trur me treng både adventstida, jula og juletradisjonane. I denne mørke tida av året treng me å tenna lys, søkja saman, dela varmen med kvarandre og høyra historia om lyset som kom til verda for å overvinna mørket. Me kjem til å trø feil både ein og to gonger dette året òg, men la oss minna kvarandre om kva det er som gir oss ekte glede. Eg ynskjer alle ei god jul og ei fin førjulstid.

For nokre år sidan prøvde eg å samla litt av desse tankane i ein julesong som fekk tittelen «Jærsk julevise». Djupast sett er det ein salme om å ta vare på kvarandre, og om julefeiring i denne forblåste landsdelen vår, der verken julesnø eller stjerneklare netter er noko me kan rekna med. Bjarte Lending sette spontant ein nydeleg melodi til teksten så snart han var ferdigskriven.


Foto: Pål Christensen, Stavanger Aftenblad

Melodi, tekst og akkorder

# Jærsk julevise

Heidi Strand Harboe

Bjarte Lending




Copyright © Bjarte Lending

# VALRESULTAT UNDHEIM SOKN

Medlemmer:
Oddvar Undheim
Hanne Brit Sandsmark
Per Arne Undheim
Ivar Risa
Arnfrid Bjelland
Tordis Sandvik

Varamedlemmer:
Synnøve C. M. Gauksås
Kari Haavardsholm
Nina Fosse

Nøkkeltal soknerådsval:
Valdeltaking: 13%
Totalt tal på stemmesetlar: 109

# VALRESULTAT TIME SOKN

Medlemmer:
Marianne Hauge
Willy Finnbakk
Martin Berge
Sverre Risa
Jorunn Midbrød Ueland
Trond Sverre Heskestad

Varamedlemmer:
Ingrid Eikeland
Harald Auestad
Steinar Knutsvik
Bjørn Håland

Nøkkeltal soknerådsval:
Valdeltaking: 14 %
Totalt tal på stemmesetlar: 286

# VALRESULTAT STAVANGER BISPEDØMME

Medlemer
Helene Breivik Hellerdal f. 1983 , Adjunkt
Åpen folkekirke 1.Mandat

Brit Nelly Ness Tveit f. 1962 , Familieterapeut
Nominasjonskomiteens liste 2.Mandat

Therese Egebakken f. 1998 , Student
Frimodig kirke 3. Mandat

Magne Hersvik f. 1954 , Daglig leder
Bønnelista 4. Mandat

Dorrit Vignes f. 1984 , Kvalitetsleiar
Åpen folkekirke 5.Mandat

Kristine Brunvathne Bjerkestrand f. 1984 , Rådgiver
Nominasjonskomiteens liste 6.Mandat

Eirik Faret Sakariassen f. 1991 , Folkevalgt
Åpen folkekirke 7.Mandat

Varamedlemer

Ragna Ristesund Hult f. 1954 , Pensjonert kateket
Bønnelista 1.Vara

Tor Kjell Mosaker f. 1952 , Pensjonist
Bønnelista 2.Vara

Olav Magnus Lundø f. 1955 , HMS-rådgiver
Bønnelista 3.Vara

Tora Himle Holtaf. 1998 , Veterinærassistent
Bønnelista 4.Vara

Knut Alfsvåg f. 1955 , Professor
Frimodig kirke 1.Vara

Terese Bue Kessel f. 1961 , Studieleder
Frimodig kirke 2.Vara

Tobias Lien f. 1996 , Student
Frimodig kirke 3.Vara

Bjørn Stornes f. 1968 , Lagermedarbeider
Frimodig kirke 4.Vara

Willy Finnbakk f. 1958 , Bonde
Nominasjonskomiteens liste 1.Vara

# VALRESULTAT BRYNE SOKN

Medlemmer:
Arne Berge
Heidi Strand Harboe
Lars Tore Helgeland
Arne Espevik
Jan Erik Brudeli
Oddmund Gravdal
Ruth Stabel Berg
Hans Tore Hetland

Varamedlemmer:
Anne Brit Ree
Elias Høie Hetland
Helga Johannessen
Gunhild Edith Lande
Tore Braut

Nøkkeltal sokneråds val:
Valdeltaking: 8%. Totalt tal på stemmesetlar: 501

Geir Skeie f. 1954 , Professor
Nominasjonskomiteens liste 2.Vara

Camilla Mariann Skjældal Cazon f. 1996 , Student
Nominasjonskomiteens liste 3.Vara

Atle Blomgren f. 1970 , Seniorforsker
Nominasjonskomiteens liste 4.Vara

Janne Birgitte Ueland f. 1997 , Arealplanlegger
Nominasjonskomiteens liste 5.Vara

Arne Jon Myskja f. 1952 , Rådgiver / pensjonist
Åpen folkekirke 1.Vara

Geir Helge Waaler f. 1982 , Fastlege
Åpen folkekirke 2.Vara

Marianne Meling Kvamsøe f. 1994 , Bioingeniør
Åpen folkekirke 3.Vara

Gyrid Espeland f. 1953 , Pensjonist
Åpen folkekirke 4.Vara

Hanne Randulff Stein f. 2000 , Student
Åpen folkekirke 5.Vara

Finn Alexander Johnsen Clementsen f. 1977 ,
Barnehagelærer Åpen folkekirke 6.Vara

## Medlemmar Time kyrkjelege fellesråd 01.12.23 – 30.11.27.

| | |
|---|---|
| **Medlemmar:** | |
| Iren Lassen | Time kommune |
| Ivar Risa | Undheim sokneråd |
| Jan Erik Brudeli | Bryne sokneråd |
| Lars Tore Helgeland | Bryne sokneråd |
| Sverre Risa | Time sokneråd |
| Tordis Sandvik | Undheim sokneråd |
| Willy Finnbakk | Time sokneråd |
| **Varamedlemmar:** | |
| Magnus Nedrebø | Time kommune |
| Martin Berge | Time sokneråd |
| Oddmund Gravdal | Bryne sokneråd |
| Oddvar Undheim | Undheim sokneråd |
| Per Arne Undheim | Undheim sokneråd |
| Ruth Stabel Berg | Bryne sokneråd |
| Trond Sverre Heskestad | Time sokneråd |

## HELLIG TRE KONGERS FEST

SARON, BRYNE

SØNDAG 7. JANUAR 2024
KL 19.00

Song: FRIMENN
Informasjon og andakt: Terese Bue Kessel
Kollekt til NMS sitt arbeid
Velkommen !

# EIT LYSPUNKT I KVARDAGEN

«Lyspunkt» er det nye namnet på pop-up butikken og møteplassen til Blå Kors Bryne på Saron. Butikken med gratis klede, servering av enkel mat og drikke, strikkeglede og gode samtalar er blitt ein kjær møteplass for mange av våre nye landsmenn.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Helgedagen besøkte butikken før jul i fjor og fekk nyttig informasjon om Blå Kors som blant mykje anna, driv denne møteplassen.

*Korleis går det med Lyspunkt?*
Pop-up butikken vart opna i juni 2022, og her er det framleis stor aktivitet. Det står menneske i kø i god tid før butikken opnar. Kl 11. Etter kvart kjem det mange frå Bryne Kompetansesenter og et lunsj her, samstundes som dei ser på klede. Her er mykje omsorg "i lufta". Frivillige lagar mat, kokar kaffi, tenner lys, ryddar i klede, støvsugar, vaskar bord, samtalar……mykje skjer i det stille. Anne Lovise Skailand har hovudansvar. Ho har med seg ca 10 stk. I tillegg har ho nokre ho kan ringa til ved behov.

Nokre av dei som besøker butikken, henvender seg til Anne Lovise "Eg skulle gjerne hatt ei varm jakke str M…" Anne Lovise tar imot "bestillingen" og prøver så godt ho kan å finna ei passande jakke. Finn ho jakke, sender ho SMS. Mange leverer inn klede, og mange kjem og finn det dei treng. No når oktober snart går over i november, er det varme klede til store og små som er etterspurt.

Rundt i rommet sit smågrupper i samtale på framande språk - det er smil og latter, men òg tårer hos dei som har vonde opplevingar i tankane. Kaffi, te, skiver, bollar er populært.

Her kjem menneske som nett har kome til landet og andre som har vore ei tid og lært seg litt av det vanskelege språket vårt. Dei sistnemnte er ei fantastisk hjelp for dei som vil prøva å kommunisera. Dei vert kjærkomne tolkar!

Ved eit leikebord sit ein gut og kjører bilar inn i garasjen. Han likar bilar, men har ikkje så mange her på Bryne. Med eit strålande smil takkar han når han får med seg ein bil i lomma når han går.

Ei gruppe sit ivrig og fordjupar seg i ei strikkeoppskrift. Utruleg kva nokre av damene tryllar fram med strikkepinnar! Innimellom prøver dei å læra seg å telja på norsk. Plansjar med bilete av matvarer og grønnsakar vert og nøye studerte – ukrainske og norske ord svirrar i lufta.

**Ein av dei frivillige hjelparane er Tetiana Kalabina**
Tetiana kom til Norge frå Ukraina i mars 2022 og begynte å gå her etter at ei venninne på språkskulen fortalde om plassen. Ho kom først for å møta andre, sjå på klede og eta saman med venner. Etter ei stund spurte ho om det var noko ho kunne hjelpa med – og så vart ho ein frivillig medarbeidar. Ho kjem her kvar onsdag frå kl 11-13 og torsdag ettermiddag frå kl 16-18. Torsdag ettermiddag kjem foreldre og barn saman. Då er det og aktivitetar og leik for barna. Tetjana likar å vera saman med barna.


Åslaug, Anne Lovise og Marit trivst på Lyspunkt.

*Hva gjør du her, Tetiana?*
– Vi begynte i fjor med å fortelle om ukrainsk julefeiring og servere ukrainsk julemat. Det var veldig fint og populært.

– Nå snakker jeg med folk og hjelper dem å finne klær. Jeg prøver å hjelpe dem som er blitt bosatt her i vårt område ved å fortelle dem det jeg har lært. Vi snakker òg om og hvordan vi kan tilpasse oss i et ukjent land uten å kunne språket.


Tetiana ( til høgre) og Katherina likar å snakka saman.





Anne Lovise tar siste sjekk før Lyspunkt opnar.



Ekstra god mat i dag – gåve frå Lions.

*Hva betyr det for deg å komme her?*
– Jeg blir veldig glad. Her kan jeg snakke med mange – både barn og voksne. Jeg liker å være sammen med mange. En gang kom en dansegruppe fra Bryne Mølle og danset.

*Det nærmer seg jul, Tetiana. - Hva betyr julen for deg?*
– Jeg vokste opp i en landsby sammen med min bestemor. Julefeiringen der er min jul. De gamle juletradisjonene og ritualene ble nøye fulgt, men unge mennesker vet ikke mye om dette i dag.

Til jul ble det laget mye spesiell mat og alle de gamle sangene ble sunget.

6. desember er det St. Nikolaus dag. Da får barna gaver som er gjemt under puten i sengen.

31. desember går barna rundt til naboene og synger spesielle sanger. Da får barna gaver under juletre.
6. januar starter vår julefeiring. Den dagen spiser vi grøt med honning, valmuefrø og nøtter. Til jul ble det også bakt et spesielt flettebrød med rosiner og nøtter og mange andre ulike julebrød. Barna går og banker på hos naboene og synger helt spesielle sanger og leser dikt, og så får de godteri.

6. januar om kvelden – er det stor messe i kirken.

7. januar feirer vi med god mat - ofte svinekjøtt og god fruktdrikk. Fra 7.–19. januar er familen mye sammen – går på besøk til hverandre. Fadrene inviterer barna på besøk. Barna har med gaver til fadrene.

19. januar minnes vi Jesu dåp i Jordan. Da åpenbarte Jesus seg for menneskene som Messias og Frelser. Den dagen er det viktig å svømme i kaldt vann – fort under og så opp! Slik bading bringer rensing til mennesket, sies det.

*Hvordan blir det for deg å feire jul i Norge?*
– Her er det også en høytidelig og vakker feiring. Det er mange likheter med ukrainske tradisjoner. I år skal også Ukraina feire jul 24. desember på samme tid som Norge.

Denne høytiden er den varmeste og kjæreste fordi den feires sammen med familien. Nå har mennesker fra Ukraina, Norge og andre land – helt ukjente for meg – blitt min familie, avslutter en rørt Tetiana.



**Du kan gje gåva på følgjande måtar:**

VIPPS: 94418. Skriv «Gulfen», namnet ditt og adressa di i meldingsfeltet.

Gåvekonto: 3030.16.16869.
Merk gåva «Gulfen»

Online: bibel.profundo.no/gulfen

# Bibeldagsprosjektet 2024 - Biblar til dei arabiske golfstatane

I takksemd over at vi har rik tilgang på Bibelen hos oss, gjev vi kvart år bibelgåva vår til eit land der Bibelen ikkje på langt nær er like lett å få tak i. På Bibeldagen / såmannssundagen 28. januar vert vi utfordra til å gje ei gåve til bibelarbeidet i dei arabiske golfstatane Bahrein, Oman, Qatar, Dei sameinte arabiske emirata og Kuwait. I fleire av desse landa utgjer gjestearbeidarane inntil 90 prosent av befolkninga. Dei har få rettar, og dei får aldri statsborgarskap. Ein del av gjestearbeidarane har familien med seg. Det har lenge vore vekking i migrantmiljøa. Behovet er stort for biblar og trusopplæringsmateriell til barn, unge og vaksne på meir enn 100 språk. På bibel.no/bibeldagen finn du oppdatert informasjon frå Bibelselskapet.


**NMS Gjenbruk Bryne**
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**
Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

**Opningstider:**
måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151

**FRETEX butikk Bryne**
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**
Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.
Telefon 922 09 638

**Opningstider:**
måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00




## Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

# Givarteneste



Takk for alle gåver til arbeidet! Kyrkjelydane våre er heilt avhengige av faste givarar for at arbeidet skal gå rundt, då mange av våre tilsette er lønna av faste gåver. Du kan få skattefrådrag på gåver du gir til kyrkja di på opp til kr. 25.000,- pr kalenderår (utgjer kr. 2.083,-/mnd). Sjå meir info om givartenesta og Avtalegiro på nettsidene våre.

**Bryne sokn**
Barne- og ungdomsarbeid
3325.25.07057

**Time sokn (Time, Hognestad og Lye)**
Trusopplæring
3325.39.13407

**Barne- og ungdomsarbeid**
3290.58.78041

**Arbeid generelt**
3325.20.04462

**Undheim sokn**
3325.21.55657

# Teologi til folket 2024 – VID Stavanger

VID Misjonshøgskolen inviterer til *Teologi til folket*!
Dette er en møteplass for Bibel, tro og tanke, som samler folk fra hele regionen! Velkommen til Aulaen, Misjonsmarka 12!
Vi har arrangert *Teologi til folket* siden 2017.

Det er ingen påmelding og forelesningene er gratis!
Velkommen sammen med venner og kjente!
Tema for de fire onsdagskveldene er:
**«Enhet og mangfold – med kart og kompass i kirkens terreng».**

Når det er én kirke, hvorfor er det da så mange kirkesamfunn? Professor i systematisk teologi Knut Alfsvåg vil gi ulike perspektiver på denne problemstillingen.

Utgangspunktet er Det nye testamentes vektlegging av kirkens enhet. På samme måte som det er én Gud og én Frelser, er det én kirke. At det er én kirke, gjentas også i trosbekjennelsen ved hver søndagsgudstjeneste. Hva er grunnen til at dette er så viktig, og hvordan påvirker dette kirkelig praksis i dag?

Samtidig vet vi at kirken er oppdelt i et mangfold av ulike konfesjoner og kirkesamfunn. Hva er grunnen til det, hva er det som skiller de ulike kirkesamfunn, hva gjøres for å bygge bro over motsetningene, og hvor langt er enhetsbestrebelsene kommet?

| Dato: | | Tidspunkt: |
|---|---|---|
| 24. januar | 7. februar | kl. 18.00-20.00 |
| 31. januar | 14. februar | |

Spørsmål kan rettes til Terese Bue Kessel,
terese.kessel@vid.no, tlf. 99577627

VID

## Nytt frå kyrkjeverje

Jostein Aarbakke Tollaksen er tilsett som ny kyrkjeverje i Time. Han tiltrer i stillinga 1. januar 2024. Siri Vik går då tilbake til si faste stilling som assisterande kyrkjeverje.

Jostein er godt kjent for oss frå før då han nå er i ein kombinert stilling som dagleg leiar/ kyrkjelydsutviklar i Bryne.

Kyrkjelydsutviklarstillinga er finansiert ved gjevarteneste og Bryne sokneråd har vedteke at dei ynskjer å fortsetja med denne stillinga i same stillingsstorleik, 60 %.

Stillinga er lyst ut som ei 80 % stilling der ein legg til 20 % administrasjonsressurs frå dagleg leiar- stillinga.

Elisabeth S. Obrestad, som nå er administrasjonsleiar i Bryne, overtek som dagleg leiar i 80 % stilling frå nyttår.




Julen kan for mange familier være en vanskelig tid. I mange år har derfor flere menigheter samarbeidet om å samle inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og delt ut til mennesker i en vanskelig økonomisk situasjon, først og fremst til barnefamilier.

Vil du bidra til å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabolaget? Gi en god gave til aksjonen! Tusen takk for din gave!

**Bruk vippsnummer 103540**
**eller konto 3290.07.79088, merk med Julegaveaksjonen**

(Skulle det komme inn mer penger enn det er behov for til jul, vil pengene bli brukt til andre formål til samme gruppe, f.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.)



# Velkomen til sundagstreff

## i Bryne kyrkje våren 2024

**Program:**
Kl. 18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova
Kl. 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

**Datoar for våren, merk dei av på kalenderen:**

Sundag 14. januar kl.18.00

Sundag 18. februar kl.18.00

Fredag 7. mars kl 17:00
Gudstenesteverkstad

Sundag 10. mars kl.11.00
Gudsteneste med Bankers

Sundag 14. april kl.18:00

Tirsdag14.mai blir det grillfest! Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

**Ser deg i kyrkja!**
Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes



# Innvandrertreff

Her kan du komme, få nye venner og oppleve et mangfold av kulturer, samtidig med at du får øve deg på å snakke norsk.

Velkommen til Innvandrertreff

Bryne kyrkje; Brynevegen 9, 4340 Bryne

Hver tirsdag
Kl. 19:30–21:00

Datoer for våren 2024

9., 16., 23. og 30. januar
6., 13., 20. og 27. februar
5., 12., 19. og 26. mars
2., 9., 16., 23., og 30. april
7., 14., 21. og 28. mai (NB! Det blir grillfest den 28. mai)

**NB! Er du nysgjerrig og vil vite mer?** ☺
Send en SMS til diakon
Maria Praxedes Slettebø
på mobil: 98028690



# Kling no, klokka



## Blandakoret Vivace

## Julekonsert i Bryne kyrkje

Sundag 17. desember kl. 20.00

Førehandsbestilling: 90870927

# Vi syng til jul

Tysdag 12. desember
kl. 17:00 i Bryne kyrkje



Velkommen til songkveld med:

- To songavdelingar
- Gamle og nye julesongar
- Songgruppa Shalom
- Matservering
- Juleevangeliet

Midt i den julepynta Brynebyen, inviterer kyrkja til glede over det sentrale i advents - og juletida, Jesu fødsel i Betlehem.

Bryne Kyrkja

VELKOMMEN

Arr: Bryne diakoniutval

## Torsdagstreff i Bryne kyrkje

Program våren 2024

**18. januar**
Kåseri ved Ingfrid Time Nærland
«Med Kirkens Nødhjelp til Tanzania»
Utlodning

**15. februar**
Kåseri v/Paul Odland

**21. mars**
Kåseri om Lina Sandell v/Oddny Underhaug
Jærklang blir med.
Utlodning

**18. april**
Kåseri ved Marit Høie Hetland
Tema: «Arbeidet som diakon»

**23. mai**
Organist Per Olav Egeland kjem
Mykje song og musikk

Bryne Kyrkja

Det blir matservering, songstund og andakt kvar gong. Samlingane startar kl 14.30.

## Minnegudsteneste i Time kyrkje sundag 14. januar 2024 kl. 19.00

# VELKOMEN

**Du som har mista ein av dine i året 2023**




**Navnet på dei som har døydd frå oss i året 2023 vil bli lese opp. Det blir òg musikalske innslag og lystenning.**

Dei som deltek på gudstenesta er:

- Prest: Lars Sigurd Tjelle
- Diakon: Praxedes U. Slettebø
- Organist: Oddny Underhaug
- Songgruppe: Shalom
- Munnspel: Anne Kristine Røthing
- Lysinstallasjon: Ragnhild Aalgaard



## Fredagskveld på Kyrkjetorget Time kyrkje

**19.januar** kl. 20-22

Kveldens gjest:
Harald Lygren
Naturbilete med tonefølgje
Kulturskuleelevar

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

# SAMMENTREFF
## -bli bedre kjent med flere-
### Lye forsamlingshus og Time kyrkje



Sammentreff er organiserte besøk rundt et måltid mat. En kan melde seg på som enkeltperson eller sammen med en partner eller en venn.

Du blir satt sammen med fire til sju andre personer, og dere møtes en gang i løpet av en periode på ca. 2 mnd. I neste periode blir du satt sammen med nye personer.

Meld deg/dere på til annabergitte@gmail.com.

Arrangør: Time sokneråd




Det blir mykje førjuls-moro i kyrkja når trioen frå radioprogrammet Utakt gjestar Frøyland og Orstad den 13. desember. Per Øystein Kvindesland, Bjørn Olav Skjæveland og Olav Hove byr på ei alternativ juleframsyning og gler seg stort til å kome!

– Jula er full av minne, tradisjonar og utfordringar, så her er det mykje å ta tak i, seier Per Øystein Kvindesland.

Og makker Bjørn Olav Skjæveland følgjer opp:

– Vi må våge å snakke om det som er vanskeleg med jula også. Til dømes vasen på juletrelysa og julekorta du gløymde å bestille. Duoen lovar ein kveld med latter, mimring og litt ettertanke. Det faglege innhaldet blir ivareteke av Olav Hove. Tross alt, fekk han karakteren S i kristendom muntleg på ungdomsskulen.

# Misjonshelga til Israelsmisjonen

**Vi starter Misjonshelga til Israelsmisjonen på lørdag 20.januar 2024 kl.12.00 til 14.00 i Misjonskirken Bryne med seminar.**

Underviser er fritidsforkynner i Israelsmisjonen Svein Granerud.

Tema: «Israel. Kirken og landet» Det blir kollekt. Ingen påmelding.

Alle er hjertelig velkomne til et spennende seminar.

**Velkommen til Gudstjeneste i Brynekyrkja søndag den 21.januar 2024 kl.19.00**

Tale av fritidsforkynner i Israelsmisjonen Svein Granerud.

**Vi forsetter Israelsmisjonshelga i Brynekyrkja med Misjonsfest på søndag 21.januar 2024 kl.18.00**

Tale av fritidsforkynner i Israelsmisjonen Svein Granerud Tema: «En for alle» (Hebr.brevet om den gamle og den nye pakts prestedømme).

# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSSEN

**Babysong 0-1 år**
Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn o-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper i januar. Bryne og Lye oppstart 24. januar, Undheim oppstart 31. januar.



**Time**
På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

**Undheim**
I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

**Bryne**
I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen.



Bruk Qr-koden for å melda deg på. (påmeldinga opnar 10.1)
Du finn meir informasjon på kyrkja si nettside: timekyrkjene.no

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Innmelding i Søndagsskulen

Me har valt å melda dei ulike arrangementa våre i trusopplæringa inn som grupper i Søndagsskulen. Dette har me gjort fordi me får støtte til arbeidet vårt, slik at me mellom anna ikkje treng å krevje så mykje i eigenbetaling frå familiane når dei melder borna på til trusopplæring. Det vert litt meir krevjande med påmelding, fordi ein må melde barnet inn både i Søndagsskulen og på arrangementet vårt, men då betaler ein berre 50,-kr per arrangement. Medlemsskapen i ei gruppe i søndagsskulen varer berre ut kalenderåret. Det er mogleg å vera med i fleire grupper i Søndagsskulen samtidig. Me får støtte for kvar gruppe. Me anbefaler verkeleg at alle melder inn borna i gruppene våre i Søndagsskulen. Dette gjer du gjennom påmeldinga i checkin.

Søndagsskolen
– mer enn du tror

**Småbarnstrall 1-3 år**
Me har starta opp med eit nytt song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Bruk Qr-koden for å melda deg på. (påmeldinga opnar 10.1)
Du finn meir informasjon på kyrkja si nettside: timekyrkjene.no



# Tårnagenthelg

Alle **3.klassingar** på Bryne og i Time er velkomne til **Tårnagenthelg.** Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande! God mat må òg til for gode agentar. Alle agentane får boka «Skattar frå Bibelen» og eit siste oppdrag med seg heim. Dato for tårnagenthelg er: Time kyrkje 26. og 28. januar og i Bryne kyrkje 27. og 28. januar.

Bruk Qr-koden for å melda deg på. (påmeldinga opnar 10.1). Du finn meir informasjon på kyrkja si nettside: timekyrkjene.no

TÅRNAGENT

Får du ikkje invitasjon i posten? – Bli trusopplæringsabonnent Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold

**Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Frå 1. vgs. er dei også velkomne til PULS. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.**

**Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:**

| | |
|---|---|
| **0 år** | Dåp og dåpssamtale |
| **0-1 år** | Babysong |
| **1 år** | Småbarnstrall, felles i Time kyrkje |
| **2 år** | Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min» |
| **3 år** | Krøllekveld |
| **4 år** | 4 års klubb og utdeling av Barnebibel |
| **5 år** | Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje |
| **5 år** | Adventsklubb |
| **6 år** | Barnas påske og Orgelknappen |

**Barnefamiliar**
Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

| | |
|---|---|
| **1. klasse** | Dåpsskule og Barnas påske |
| **2. klasse** | Pinsefart |
| **2. klasse** | Plan B - aktivitetsdag |
| **3. klasse** | Tårnagenthelg |
| **4. klasse** | På sporet av Jesus |
| **5. klasse** | Tweens-Kick-off |
| **6. klasse** | Lys vaken |
| **9 -13 år** | 9:13 i Bryne kyrkje |
| **9. klasse** | Konfirmasjon |

Følg oss på

TRUSOPPLÆRINGA

Instagram - trusopplaringa

https:www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim

TEKST: ROLF HESKESTAD  FOTO: HARALD LYGREN

# GULSPORVEN



Gulsporven er ein flott fugl! Slik det er blant fuglar flest, er det og her hannfuglen som er den mest staselege med si gulspetta fjørdrakt og sitt skinande gule hovud. Eit gamalt helseråd sa at "likt kurerer likt". Folk tenkte difor at ein ved å eta gulsporv kunne kurera gulsott!

Gulsporv er ein nokså vanleg fugl, men folk flest ser han likevel ikkje så ofte. Favorittmaten er ulike frø og spesielt havre. Om hausten ser ein ofte gulsporv i kornåkrane. Heng du opp eit havrenek til jul, kan du vera nokså sikker på at gulsporven kjem på besøk. Før frøsesongen startar, er det mest ulike insekt og edderkoppar som står på matsetelen. Om våren kan ein høyra gulsporven sin karakteristiske song. Han tel til sju (som regel): si-si-si-si-si-si-siiii med trykk på siste tone. Lett å læra for både barn og vaksne!

Diverre er det mykje som tyder på at gulsporven ikkje har det like greitt som før her hos oss. Talet på fuglar har gått ned med rundt 20% i løpet av dei siste 10 åra. Gulsporven er difor klassifisert som nær trua (NT) i den norske raudlista.

## *Hjernetrim*

### HelgeKryssord 5/23

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

**Vassrett**
1 Engelen sine ord til gjetarane  Luk. kap. 2
11 Samtale
14 Gi (imp)
15 Forløpar til EU
16 Lækjemiddelet
18 Mengder
19 Trakke
20 Lege (forkort.)
21 Bråk
23 Heile hurven
24 1500
25 Ottefull
26 Artikkel
28 Augesjukdom
29 Vill
30 Relevante
33 Kropp
35 Brått
37 Kråkeskrik
38 Carl Johan
39 Skikk
40 Fagmann
41 Stamfar i GT
42 Krigsgud
43 Pytt
45 Samisk song
46 Kvinnenamn (omv.)
47 Inkluderande arbeidsliv
48 Kjæle med
49 Lågt skjer
50 Mynt (omv.)

**Loddrett**
2 Korgplante
3 Ventetid
4 Ofre
5 Son av Sebulon (1.Mosebok kap.46)
6 Planten
7 Veterinæren
8 Bak
9 Gradestokk
10 Forskansingar
12 Om
13 Gris
17 Bøn
22 Har
27 Hund
28 Helling
31 Ekskrementet frå ei ku
32 Knust
34 Fødestaden til St. Frans
36 Like konsonantar
37 Ståhei
38 Tennspole
41 Ballklubb  (fork.)
44 Gnål
45 Høgtid
49 Svært sterkt (mus.)




**Løysing til kryssord 2023 nr. 4**



# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



## Vits

– Kan eg få ein hund til jul, pappa?
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

## Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

**Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!**

**Desse oppgåvene er henta frå bladet.**

**Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00**




## Finn fem feil!





Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

**Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!**

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

# Amtmann Aarrestads gate

Ved Time rådhus sit Sven Aarrestad på sokkel – myndig, med blikket vendt oppover. Han er nok mindre kjend i dag, men han er ein av dei timebuane som har markert seg sterkast på den nasjonale arenaen.

Sven Aarrestad (1850-1942) var fødd på Skretting i Varhaug, men vaks opp på Årrestad i Time. Han var samtidig med Arne Garborg og gjekk saman med han for presten. Aarrestad utdanna seg til lærar, og arbeidde i skulen i ulike delar av landet over 20 år før politikk og organisasjonsarbeid slukte han.
Som Garborg var Aarrestad oppglødd for målsaka, men det var ei anna folkerørsle som tok mesteparten av krafta hans. I 40 år var han leiar for Det Norske Totalavholdsselskap, og ein omstridd og kampglad strateg i striden for ein streng alkoholpolitikk.

I 1892 vart han vald til stortingsmann for Venstre i Vestfold, der han hadde vore skulestyrar sidan 1878. Han sat på Stortinget i to periodar til (1906-1909 og 1916-1918) og var landbruksminister frå 1906 til 1908. I perioden 1908-1916 var han, som gateskiltet seier, amtmann i Nedenes amt, det som seinare vart Aust-Agder fylke. Amtmann tilsvarar det som i dag heiter statsforvaltar, eller fram til nyleg fylkesmann.
Litteratur: Tora Aasland: «Sven Aarrestad - stridsmann for den gode sak» i Årbok for Time historielag 2020.



Statuen av Sven Aarrestad ved rådhuset er laga av Ståle Kyllingstad. (Foto: Anne Berit Hatlem)




Amtmann Aarrestads gate ligg på Rosseland, og er ei sidegate til Arne Garborgs veg. Dei to gjekk for presten i lag. (Foto: Anne Berit Hatlem







## DØYPTE

**BRYNE KYRKJE**

17.09.23 Iver Steen Willman
Storm Ramsland Nordstrand
Liam Skjæveland
Tomine Kverme

01.10.23 Jenny Byberg
Ida Garborg Sel

08.10.23 Isabella AkerøTogstad
Alexandra Akerø Togstad
Mari Time
Klara Bjerga Lystvet

**TIME KYRKJE**

21.10.23 Magnus Garborg Førsvoll
Lauritz Christiansen
Lea Braut
Alma Olsen Harbo
Karen Sesilia Ulvøy Mæland

23.09.23 Ada Mossige Serigstad
Tønes Pallesen Haugland
Tobias Mong Husveg
24.09.23 Oscar Christiansen Kolstad

10.09.23 Vilje Risa Salte
Ellinor Gjerdal Madsen
Astrid Rognstad

**UNDHEIM KYRKJE**
01.10.23 Sina Taksdal Hobberstad
Renate Kronfeldt
Tunheim

**LYE FORSAMLINGSHUS**
15.10.23 Jakob Serigstad

**BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER**
16.9.23 Ådne Ree
- Nærbø gml. Kyrkje
17.9.23 Mio Aguiluz Beyer
- Bore kyrkje
24.9.23 Live Bjørkhaug Mikalsen
- Klepp kyrkje

## VIGDE

**TIME KYRKJE**

02.09.23 Ann Cecilie Skretting og
Ole-Andreas Sørensen
09.09.23 Siri Njølstad Lønnum og
Morten Hegdal
Veronica Borlaug Obrestad
og Vebjørn Evertsen
Lisa Haver og Bjarte Mikal
Auestad
23.09.23 Helene Anda og Petter
Frøyland Grødem
07.10.23 Solvår Kverneland Time og
Lars Skjørestad
21.10.23 Ingrid Garborg Haaland og
Jens Førsvoll
Anja Ree Fosse og
Andreas Hjeltholm

## DØDE

**August**
Ingeborg Berly Slettebø

**September**
Ingeborg Irene Sagland
Inge Grødem
Birger Jan Olov Nilsson
Inger Marie Bjånes
Jonas Wahlberg
Terje Jakobsen
Vigdis Nygård

**Oktober**
Kari Johansen
Torunn Mæland
Ingeborg Eikeland
Bjørg Marie Undheim
Sigrid Hamre
Marit Årrestad
Albert Tveita
Gøsta Arthur Berntson
Margunn Fjermestad Stangeland
Karen Johanne Sikveland
Tore Allan Simonsen

KROGEDAL begravelsesbyrå
51 97 29 00
DØGNVAKT
VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

3.GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

Jær Tannlegene
Heidi Bøe Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800

Jæren Gulv AS
Maler- og gulvarbeid

REIME
Varme & velvære
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN
Gro Anita Nøkland m: 900 14 328
Kyrre Otto m: 954 85 419
Kristine Ree Espedal m: 480 64 634

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180

PB
PIZZABAKEREN™
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig

jæren sparebank

VB Bryne Rør

nye JÆREN KABELNETT
Lokal og best på pris

container utleie
Renovasjons-service as
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44

WACO
Forsikringsmegling as

P
PRIVATMEGLEREN
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

REMA 1000
Håland

Bogh Hafsø
BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT

Alt innen datahjelp
-hjem på døren
til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it

Byggelaget

haver
Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50

EL-TEAM
Elektroentreprenør
elkonor
Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

DEN NORSKE KYRKJA

aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no

SPAREBANKEN SØR

SpareBank 1
SR-BANK

Velkomen til gudsteneste









# GUDSTENESTER

| | | | |
|---|---|---|---|
| **01.01.24** | | **Nyårsdag** | **Matt 1,20b-21** |
| Time kyrkje | 11:00 | Høgtidsgudsteneste | Dåp |
| **07.01.2024** | | **Kristi openberringsdag** | **Luk 2,40-52** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd, Sundagsskule |
| | 19:00 | Minnegudsteneste | |
| **14.01.2024** | | **2. sundag i openberringstida** | **Mark 1,3-11** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Sundagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp |
| Time kyrkje | 19:00 | Minnegudsteneste | |
| **21.01.2024** | | **3. sundag i openberringstida** | **Joh 4,4-26** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste for store og små med dåp | Dåp, Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Nattverd, Sundagsskule |
| **28.01.2024** | | **Såmannssundagen** | **Mark 4,26-34** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus | |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Nattverd, Tårnagentgudsteneste |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd |
| | 11:00 | Gudsteneste for store og små | |
| **04.02.2024** | | **Kristi forklåringsdag** | **Mark 9,2-13** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Dåp, Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Sundagsskule |
| | 10:30 | Gudsteneste | |
| | 11:00 | Familiefokus | |
| **11.02.2024** | | **Fastelavnssundag** | **Joh 12,20-33** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiesamling | |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp |
| **18.02.2024** | | **1. sundag i fastetida** | **Matt 16,21-23** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus | Nattverd |
| **Laurdag 24.02** | | **Laurdag etter 1 sundag i fastetida** | **Matt 16,21-23** |
| Time kyrkje | 15:30 | Dåpsgudsteneste | |
| **25.02.2024** | | **2. sundag i fastetida** | **Luk 7,36-50** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd, Sundagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Nattverd |

FULLDISTRIBUSJON

# Velkomen til kyrkje

**Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.**











| | | | |
|---|---|---|---|
| **10.12.2023** | | **2. sundag i adventstida** | **Luk 21,27-36** |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste med nattverd | Nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp Sundagsskule |
| Undheim kyrkje | 14:00 | Vi syng jula inn | |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Sundagstreff | |
| | 19:00 | Sundagstreff | |
| **17.12.2023** | | **3. sundag i adventstida** | **Luk 3,7-18** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus | Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 16:00 | Me syng jula inn | |
| **24.12.2023** | | **Julaftan** | **Luk 2,1-20** |
| Bryneheimen | 10:00 | Julaftan | |
| Sivdamheimen | 11:00 | Julaftan | |
| Bryne kyrkje | 13:30 | Julaftangudsteneste | |
| Time kyrkje | 14:15 | Gudsteneste julaftan | |
| Undheim kyrkje | 14:30 | Gudsteneste for store og små | |
| Bryne kyrkje | 14:45 | Julaftengudsteneste | |
| Time kyrkje | 15:30 | Gudsteneste julaftan | |
| Bryne kyrkje | 16:00 | Julaftengudsteneste | |
| **25.12.2023** | | **1. juledag** | **Joh 1,1-14** |
| Time kyrkje | 11:00 | Høgtidsgudsteneste | |
| Bryne kyrkje | 12:00 | Høgtidsgudsteneste | Nattverd |
| **26.12.2023** | | **2. juledag - Stefanusdagen** | **Matt 10,16-22** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Høgtidsgudsteneste | Dåp, Nattverd |
| **31.12.2023** | | **Nyårsaftan** | **Joh 14,27** |
| Bryne kyrkje | 23:15 | Midnattsmesse | |

